

Berekraftsrapport



Innhald

Marianne har ordet	3
BB ServiceSystem SF AS	4
Våre tenester	5
Vi leverer berekraftig kvalitet i alle reinhaldssegment	5
Sertifiseringar	6
Leiingssystem for kvalitet, miljø og arbeidsmiljø	6
FNs berekraftsmål	7
BB ServiceSystem støttar FNs berekraftsmål.	7
God helse og livskvalitet	8
God utdanning	10
Likestilling mellom kjønna	11
Anstendig arbeid og økonomisk vekst	12
Ansvarleg forbruk og produksjon	13

Nynorskutgåve

Kommunane Kinn, Sunnfjord og Ålesund, der BB ServiceSystem har avdelingar, har nynorsk som administrasjonsspråk. Vi har difor valt å denne rapporten på nynorsk i tillegg til bokmål.

Marianne har ordet

Vi i BB Servicesystem SF AS skaper trygge arbeidsplassar, og våre tilsette har ei samfunns viktig rolle. Kvar dag står vi opp med eit ønske om at vi i dag skal gjere ein skilnad for våre omgjevnader, det vere seg kundar, kollegaer eller miljø.

BB Servicesystem støttar opp om FN sine berekraftsmål. Sjølv er vi ei lita bedrift i den store samanhengen. Vi ønsker å bidra til å nå måla der vi kan. I denne rapporten vil vi gjerne fortelje om vårt bidrag.



Vi har eit sterkt gruppefokus. Saman skaper vi trygge og gode arbeidsplassar. Eit samspel som er heilt avhengig av våre tilsette og kundar. Covid-19 har tatt styring på samfunnet vårt. Være tilsette blir sett på ein ny måte, og nytten av funksjonen vår i samfunnet kjem tydelegare fram.

Hygiene er sentralt i våre oppdrag. Profesjonelt reinhald krev kunnskap og erfaring. Dette er viktige faktorar som vi i BB Servicesystem bruker ressursar og tid på. Kunnskap skaper tryggleik for både tilsette og kundar.

BB Servicesystem er ein berekraftig sysselsettar, og våre tilsette er vår største verdi. Sjølv om vi er flest kvinner hos oss, er vi opptatt av like rettar, likestilling og utviklingsmogelegheit for alle. Verksemda vår tilbyr jobb til alle, og det gir oss eit flott mangfald. Vi ser at arbeidsplassane våre løyser ut tilflytting til lokalmiljøet og at par buset seg og blir innbyggjarar og bidragsytarar i samfunnet.

Vi er opptatt av fotavtrykket til bedrifta vår. Vi bruker miljømerka reinhaldsprodukt, og er opptatt av å redusere plastforbruket internt og hos våre kundar. Vi er stadig på jakt etter nye metodar og utstyr som er bra for miljøet. Her kan vi nemne vindaugsvaskesystemet vårt som berre bruker reint vatn og gir supert resultat. Vi er ISO-sertifisert på miljø, kvalitet og arbeidsmiljø, sertifiseringar som er viktige for å vise seriositeten vår.

Som lokal aktør møter vi stadig utfordringar med nasjonale avtalar. Samfunnet vårt har dei siste åra blitt meir sentralisert. Dette har medført at store offentlege og private aktørar som har verksemdar fleire stader, sentraliserer sine innkjøp. Vi opplever at geografiske inndelingar diskvalifiserer oss frå å rekne på lokale anbod.

Saman med NHO har vi lenge jobba med å få fram kor viktig det er å bruke lokale verksemdar, og under Arendals-veka 2019, blei eg beden om å holde eit innlegg om dette med m.a. dåverande næringsminister til stades. Vi ser at vi har ei aukande politisk støtte for bruk av lokale aktørar. Ved offentlege innkjøp i samband med korona-tiltaka våren 2020, la næringsministeren sterke føringar for bruk av lokale tilbydarar. Vi trur at innkjøparar i offentlege og private verksemdar vil sjå verdien av å bruke profesjonelle og seriøse lokale aktørar i framtida.


Florø 07.07.2020

Marianne Ø. Knapstad

Dagleg leiar

BB ServiceSystem SF AS

Profesjonell reinhaldsleverandør med lokal forankring.
Hovudkontoret ligg i Florø, med avdelingar i Førde og Ålesund.



46

Omsetning
millionar kroner




450

Kundar



20

Reingjort areal*
millionar m² / år



64

Årsverk



22

Reinhaldsoperatørar
med fagbrev

* Areal er berekna ut frå registrerte timeverk iht. kriteria for svanemerking

Våre tenester

Vi leverer berekraftig kvalitet i alle reinhaldssegment

DAGLEG REINHOLD



NEDVASK



INDUSTRIREINHOLD



KANTINETENESTER



REINHOLD PRIVATHUS



GOLVPLEIE



VINDAUGSPUSS



VAKTMEISTER



MATTESERVICE



Sertifiseringar

Leiingssystem for kvalitet, miljø og arbeidsmiljø

- ✓ NS-EN ISO 9001:2015 - Kvalitet
- ✓ NS-EN ISO 14001:2015 - Miljø
- ✓ NS-EN ISO 45001:2018 - Arbeidsmiljø

BB Servicesystem har vore sertifisert iht. ISO 14001 – miljøleiing, sidan 2008. I 2012 blei leiingssystem for kvalitet (ISO 9001) og arbeidsmiljø (OHSAS 18001) samordna med miljøstyringssystemet.

I 2020 blei OHSAS 18001 erstatta av den nye standarden for arbeidsmiljø – ISO 45001.

Leiingssystema gir eit godt rammeverk for å sikre ei berekraftig utvikling, gode og trygge arbeidsplassar og rett kvalitet på leverte tenester. Det blir lagt vekt på gjennomføring av korrigerande og forebyggjande tiltak, og tiltak for å sikre kontinuerlege forbetringar.

Det blir etablert årlege målsetjingar for kvalitet, miljø og arbeidsmiljø som kvalitetskontrollar, kjemikalie-, plast- og drivstofforbruk, sjukefråvær og personskarar.

Sertifiserte leiingssystem har årleg revisjon utført av nøytral 3. part.



FNs berekraftsmål


BB ServiceSystem støttar FNs berekraftsmål.

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.



«Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko»

På bakgrunn av dette har vi valt ut 5 av dei 17 måla, der vi ser at vi bidrar til nokre av delmåla.



God helse og livskvalitet

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



«Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder»

Innemiljø

Eit godt innemiljø er viktig for den allmenne helsetilstanden, og rett utført reinhald er ein av dei viktigaste faktorane for å fremje eit sunt og godt innemiljø og arbeidsmiljø, og bidrar dermed til betre helse for store deler av befolkninga. Det er gjennomført fleire undersøkingar som viser at satsing på kvalitetsbasert regelmessig reinhald i kontorbygg reduserer oppleving av tørr luft, trøttheit, irriterte auge og slimhinner. Det er også påvist vesentleg reduksjon av korttids sjukefråvær i slike undersøkingar. Vi arbeider kvar dag for eit best mogeleg innemiljø for våre kundar.

Hygiene

Sjølv om dei fleste mikroorganismar er naudsynte og nyttige, fører diverre mange mikroorganismar også til alvorlege sjukdommar. Hygienetiltak er ein viktig del av regelmessig reinhald, og viktig for å redusere smittespreiing. Dette har blitt særleg aktualisert ved den pågåande verdsomspennande korona-pandemien. I denne krevjande situasjonen har reinhaldarane blitt framheva som ei av dei særst viktige gruppene i arbeidet for å redusere smittespreiing. Ved innføring av smitteverntiltaka 12. mars 2020, blei det straks etablert nye prosedyrar, og sett i gang ekstra opplæring og informasjon til medarbeidarane i BB ServiceSystem.

Sunn og næringsrik mat er viktig for god helse. Der vi leverer kantinetenester, ønsker vi i samråd med våre kundar, å legge til rette for servering av god og sunn mat. Servering og oppbevaring av mat set spesielle krav til hygiene. Etablering av gode prosedyrar og risikoanalysar (HACCP), samt god opplæring, sikrar at hygienekrava er ivaretatt for våre kantinetenester.

Vi leverer også reinhaldstenester til næringsmiddelindustrien. Med vår kompetanse på reinhald, hygiene og desinfeksjon er vi med på å sikre at næringsmiddel ikkje kjem i kontakt med skadelege mikroorganismar før dei blir sende ut til daglegvarebutikkane rundt om i landet.



Eigne medarbeidarar

Eit godt og trygt arbeidsmiljø for å sikre god helse for eigne medarbeidarar er eit høgt prioritert område for BB ServiceSystem. Risikoområde kan m.a. være tungt manuelt arbeid, bruk av kjemikaliar, avfallshandtering, arbeid i høgda. Det blir derfor utarbeida risikovurderingar for alle arbeidsplassar, opplæring i ergonomi og riktig utføring av arbeidsoperasjonar, og opplæring og informasjon om rett metodeval for våre medarbeidarar.

Ved utbrotet av korona-pandemien blei dette enda viktigare for å hindre at våre medarbeidarar blei smitta og sjuke. Førebels har ingen tilsette blitt smitta og sjuke av covid-19. Det har berre vore nokre få tilfelle av at medarbeidarar har blitt heime pga. lette symptom på luftvegsinfeksjon.

BB ServiceSystem legg stor vekt på nærværarbeid og har dei siste åra hatt eit sjukefråvær på om lag 6 %. Dette er lågare enn bransjen, og lågare enn samanliknbare bransjar i privat og offentleg sektor nasjonalt.



**ECCO
ONLINE**

Alle medarbeidarar har tilgang til elektronisk stoffkartotek på telefon eller nettbrett for nedlasting av tryggingstablad, verneblad og risikovurdering

God utdanning



«Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle»

Fagleg kompetanse

BB ServiceSystem legg stor vekt på intern opplæring for å sikre at våre medarbeidarar har nødvendig kompetanse for å utføre arbeidet sitt ute hos kundane. Innanfor kantinedrift sørger vi for grundig opplæring og innføring i regelverk, IK- mat, kjeldesortering og matsvinn. I tillegg til grunnopplæring i utføring av riktig reinhald, vert det gitt opplæring i bruk av kjemikalier, bruk av elektronisk stoffkartotek, kvalitetssikring NS INSTA 800.

I 2016 sette vi i gang eit omfattande prosjekt med fagopplæring i reinhaldsoperatørfaget. 18 medarbeidarar deltok i kompetanseløftet gjennom heile året. I tillegg til norske medarbeidarar var det også deltakarar frå Polen, Somalia, Thailand og Romania. 16 deltakarar bestod teorieksamen i desember 2016. Ytterlegare 3 bestod eksamen våren 2017. At nesten 95 % har bestått teoretisk eksamen ser vi på som eit svært godt resultat. Dette har bidratt til eit stort kompetanseløft i bedrifta.



Fagopplæring i BB ServiceSystem.
Frå oppstarten i 2016

BB ServiceSystem er godkjent som lærlingbedrift, og har tilgjengeleg opplæringsmateriell, slik at vi er klare til å ta imot lærlingar dersom det blir aktuelt. Vi har no i alt 22 medarbeidarar med fagbrev i reinhaldsoperatørfaget.

Livslang læring

Som på dei fleste andre samfunnsområde, er reinhaldsfaget i endring. Ny kunnskap, teknologi, kjemikalier og materialbruk i bygg, set krav til omstilling. BB ServiceSystem ønsker derfor å legge til rette for at også eldre medarbeidarar får tatt del i nødvendig kompetanseheving.

Språkopplæring og språktrening

Mange av våre medarbeidarar har innvandrarbakgrunn og har ein annan språkbakgrunn enn norsk. BB ServiceSystem har derfor gjennomført norskkurs i samarbeid med Folkeuniversitetet. I tillegg vil kontakt med kollegaer og kundar gi utanlandske medarbeidarar god språktrening.

Likestilling mellom kjønna



«Oppnå likestilling og styrkje stillinga for jenter og kvinner i samfunnet»

Like mogelegheiter

For oss skal ikkje kjønn være noko hinder i rekrutteringsprosessen eller i arbeidet elles. Vi ønsker å gi begge kjønn like rettår og mogelegheiter til å bestemme over eige liv. Gjennom arbeidet som gode rollemodellar ønsker vi å avskaffe diskriminerande haldningar og ordningar. Vi ønsker derfor å styrkje kvinnene som jobbar hos oss til å opparbeide ei solid utdanning innanfor reinhaldstenester, fordi dette er fundamentale verdiar som kan styrkje stillinga deira i arbeidslivet.

Tradisjonelt har reinhald vore rekna som eit typisk kvinneyrke. Dette er i ferd med å endre seg som følge av at stigma rundt reinhaldsarbeidarar ser ut til å bli redusert, ettersom verdien av reinhaldstenester er blitt belyst. Dette har medført at kvinner og menn som jobbar hos oss har utvikla ei større stoltheit over sitt arbeidet sitt, der dei ser kor viktig arbeidet dei gjer, er for samfunnet.

Vi trur det er viktig for likestilling, og kvinner si stilling i samfunnet, at vi har et tilbod til kvinner som ofte kan ha problem med å komme inn på arbeidsmarknaden. Gjennom arbeid hos oss gir vi dei tilsette ein solid kompetanse som dei kan bruke til å bygge seg ei karriere i arbeidslivet.

For oss er det viktig med mangfald i leiinga, noko som kjem klart fram gjennom nasjonalitet, personlegdom, alder og personleg bakgrunn. Vi meiner at dette mangfaldet styrkjer oss som bedrift.



Utanlandsk bakgrunn

Når det gjelder integrering av kvinner med innvandrarakgrunn, er det ein fordel for likestillinga at vi kan tilby dei arbeid hos oss. Alternativet vil ofte være at dei ikkje ville komme ut i yrkeslivet, noko som ville medført større problem med sosialisering, integrering og språktrening. Vår erfaring viser også at det kan være eit springbrett til andre yrkesval eller vidare utdanning for mange som har starta sitt norske yrkesliv i BB Servicesystem.

Anstendig arbeid og økonomisk vekst



«Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle»

Godkjenning av reinhaldsbedrifter

Det har tidlegare vore ein del negativ medieomtale av reinhaldsbransjen, der det har vore trekt fram sosial dumping med dårlege løns- og arbeidstilhøve, svart arbeid, manglande kompetanse o.l. I ein marknad med mange useriøse aktørar vil dei seriøse tape i konkurransar som ofte berre dreier seg om pris. Dette medførte at det i 2012 blei innført forskrift om offentlig godkjenning av reinhaldsverksemdar og kjøp av reinhaldstenester. BB ServiceSystem har vore ein av pådrivarane for å få forskrifta innført, slik at seriøse reinhaldsbedrifter og reinhaldarar blir sikra anstendige arbeidsvilkår.

Lokal forankring

BB ServiceSystem er ei SMB-bedrift med avgrensa geografisk virke i kommunane Kinn, Sunnfjord og Ålesund og nærliggande kommunar. Verdiskaping i form av skattar og avgifter blir verande i lokalsamfunnet og bidreg til berekraftige lokalsamfunn også utanfor dei store byane.

Lokal forankring er med på å sikre nærleik og god kontakt med alle medarbeidarane våre, med kundane våre, og med lokalsamfunnet. I dei seinare åra har vi sett ein tendens mot store landsdekkande kontraktar i både privat og offentlig sektor. Dette medfører at lokale bedrifter blir avskorne frå å delta i konkurransen. BB ServiceSystem har vore ein aktiv pådrivar for å endre dette. Det er signal om at dette kan være i ferd med å snu. M. a. er det kome klare signal frå næringsministeren om oppdeling av større offentlege kontraktar i samband med tiltakspakken etter korona-krisa.

Trivsel og mangfald

Medarbeidarane i BB ServiceSystem representerer eit stort mangfald når det gjeld nasjonalitet og alderssamansetjing. Sjølv om det vanlegvis er store utskiftingar av tilsette i bransjen, ser vi at vi er i stand til å halde på våre dyktige medarbeidarar. 30 % av dei tilsette har vore i bedrifta i meir enn 10 år. Dette, i tillegg til eit vesentleg lågare sjukefråvær enn gjennomsnittet for bransjen, ser vi på som eit uttrykk for at vi har lagt til rette for eit godt arbeidsmiljø og at medarbeidarane trivst hos oss.

Reinhaldarane har ofte lite kontakt med leiarar og kollegaer i det daglege. Vi legg derfor stor vekt på at det skal være ein låg terskel for å ta kontakt med leiinga på telefon, eller stikke innom når ein er på kontor eller lager for å hente bil, utstyr, kjemikaliar osv. Personalmøte blir halde med jamne mellomrom. Møta blir brukt til informasjonsutveksling og kompetanseheving i tillegg til det sosiale samværet. Det blir også sendt ut månadlege informasjons- og nyhende-brev til alle tilsette.



NORSK LOVTIDEND

Avd. I Lover og sentrale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Konngjort 2. januar 2020 kl. 15.50

PDF-versjon 17. januar 2020

20.12.2019 nr. 2084

Forskrift om endring i forskrift om offentlig godkjenning av renholdsvirksomheter og om kjøp av renholdstjenester

Hjemmel: Forsatt av Arbeids- og sosialdepartementet 20. desember 2019 med hjemmel i lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsloj, arbeidsid og stillingsvoren nr. (arbeidslojloven) § 1-4 og § 4-1.

I

I forskrift 8. mai 2012 nr. 408 om offentlig godkjenning av renholdsvirksomheter og om kjøp av renholdstjenester gjøres følgende endringer:

§ 7 første ledd skal lyde:

Godkjente virksomheter skal hvert år sende melding til Arbeidsloynet som bekrefter at virksomheten fortsatt fyller kravene til godkjenning etter § 5. Fristen for å sende melding er datoen for vedtak om godkjenning. Kravet om årlig melding gjelder ikke det året virksomheten har plikt til å sende inn dokumentasjon i henhold til andre ledd.

Ansvarleg forbruk og produksjon



«Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster»

Innkjøp - hovudleverandørar

Nor Tekstil AS

Moppar og klutar



BB ServiceSystem og Nor Tekstil har ei lang felles historie og har i dag delvis same eigarskap. Selskapa er samlokalisert i Florø, Førde og Ålesund.

Nor Tekstil er landets leiande leverandør av tekstiltjenester, og har som visjon å bli best i verda på innovativ og berekraftig tekstilservice. Nor Tekstil er sertifisert iht. ISO 9001, ISO 14001 og OHSAS 18001, og over 80 % av produksjonsvolumet kjem frå svanemerka vaskeri. Vaskeria i Florø og Ålesund, som leverer moppar og klutar til BB ServiceSystem, er svanemerka. Vi samarbeider også med Nor Tekstil når det gjeld matteservice.

NorEngros AS

Kjemikalier, maskiner, utstyr og anna forbruksmateriell



NorEngros er vår leverandør på kjemikalier og andre forbruksvarer, og tilbyr m.a. eit stort utval av miljømerka produkt frå anerkjente produsentar og eigne merkevarer. Verksemda er sertifisert iht. ISO 9001 og ISO 14001.

Bruk av kjemikalier

Innføring av kvalitetsbaserte reinholdssystem basert på tørrare metodar og prinsipp, har ført til vesentleg mindre forbruk av kjemikalier. Vi registrerer og følgjer opp forbruket av kjemikaliane, for å sikre at forbruket er på eit lågt nivå, og om mogeleg redusere forbruket. I dei seinare åra har vi hatt ein overgang til miljømerka produkt, og i dag blir det brukt berre svanemerka produkt til dagleg reinhold. Vi har også tatt i bruk eit system (QLEEN) for utvendig vask av vindauge, der det berre blir brukt reint vatn.

Avfallshandtering

BB ServiceSystem har ansvar for å skaffe plastposar til avfallskorger, og tømning av desse, hos mange av våre kundar i kontor- og næringsbygg. Dette utgjør ei betydeleg mengde plastavfall. Vi har difor, der dette er mogeleg, gått over til posar i tynnare plast, noko som har redusert den totale mengda av plast. I tillegg ønsker vi å påverke oppdragsgjevarane våre til å redusere talet på avfallskorger, sette opp miljøstasjonar og ha fokus på auka kjeldesortering.

Matsvinn

Matsvinn er eit stort samfunns- og miljøproblem. Vi har lagt vekt på god opplæring av vårt kantinepersonell, slik at dei i samarbeid med oppdragsgjevar sikrar gode rutinar for innkjøp og oppbevaring av mat for å redusere matsvinn mest mogeleg.

**BB
ServiceSystem**
- kvalitet sidan
1987

**Dette er
BB ServiceSystem**

Dagleg reinhald – Nedvask
Golvpleie–Vaktmeistertenester
Kantinetenester–Vinaugsvask
Reinhald i privathus
Industrirehald
Matteservice

**Rein trivsel
– rein glede**

Rein velvære
Eit reint lokale skaper glede og
trivsel for tilsette og kundar

**Profesjonell
reinhaldsleverandør**

Lokale leverandørar er lette å
nå, og tilbyr skreddarsydde
løysingar, høg fagkompetanse
og lang erfaring.
Reinhald av høg kvalitet
- nær deg

